

**Fredag kveld vitjar Terje Frigaard med band Dønhaugkjedlaren. Han vert omtala som eit fyrverkeri av ein live-entertainer som leverer eit "tøft, stilfullt og gnistrande rocking\blues-show med eit strålende band i ryggen".**

Og på Dønhaug stillar han med fullt band. Hvis det blir plass, går det også an å få seg ein svingom....

Etter at Frigaard gav ut sin første album "Thrill walk" i 2002 og "Terje Frigaard" EP i fjor har han hausta god omtale etter konsertar på ulike klubb- og festivalscenar. Også mange kvinnheringar har opplevd han i og utanfor kommunen. I fleire år har han til dømes spelt på Voss Blues & Roots festival og Skånevik Bluesfestival. I år samla han 750 til utekonserten i Skånevik!

Mykje av låtmaterialet som han presenterar live er signert av inspirasjonskjelder som The Fabulous Thunderbirds, Kim Wilson, Kid Ramos, Junior Wells og Chuck Berry.